



Vik kommune,  
Postboks 134,  
6891 VIK I SOGN

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Håvard Rød, 5557 2143

## VIK KOMMUNE - BUDSJETT OG ØKONOMIPLAN

### Innleiing

Fylkesmannen har motteke særutskrift av kommunestyresak om budsjett for 2020 og økonomiplan 2020-2023, vedteke i kommunestyremøte 19.desember 2019.

Kommunen er ikkje under statleg kontroll og godkjenning. Budsjett og økonomiplan er difor ikkje kontrollert etter kommunelova § 28-1 (Robek-registrert). For alle kommunar kontrollerer Fylkesmannen at budsjett og økonomiplan er i balanse. Dette brevet er ei tilbakemelding om korleis Fylkesmannen vurderer kommunen sin økonomi og utviklinga slik den er planlagt i budsjett og økonomiplan. Der det er manglar etter forskrift om budsjett og økonomiplan, har vi påpeika dette og bede kommunane følgje opp.

### Oppsummering av Fylkesmannens vurdering

**Det er viktig at det er reell driftsbalanse slik at kommunen kan unngå å bruke av disposisjonsfondet. Kommunen bør ha som målsetjing at disposisjonsfondet ikkje skal bli redusert i økonomiplanperioden. Mindreforbruket i rekneskapen for 2019 bør setjast av til disposisjonsfondet. Det er nødvendig å gjennomføre fleire innsparingstiltak for at kommunen skal oppnå årlege netto driftsresultat som oppfyller det tilrådde minstenivået på 1,75 prosent av driftsinntektene. Investering i nytt omsorgssenter vil bidra til å auke kommunen si lånegjeld og finanskostnader, men vil på den andre sida leggje til rette for at kommunen kan få driftsinnsparingar gjennom omlegging av omsorgstenestene.**

**Som følge av koronautbrotet får kommunane utfordringar med økonomien. Fylkesmannen vil følgje dette særskilt opp i samband med statlege tiltak som blir sette i verk.**

### Budsjett 2020

Kommunen har budsjettert med kr 85,3 mill. i skatt på eige og inntekt for 2020. Kommunen sitt skattenivå i 2019 var 97,7 prosent av landsgjennomsnittet.

Ordinær skatt og rammetilskot er budsjettert med til saman kr 193,2 mill. Skatt og rammetilskot er budsjettert noko høgare enn inntektsprognose basert på statsbudsjettet, kr 192,5 mill. Det er stor uvisse knytt til inntektsutviklinga i år på bakgrunn av utbrotet av koronaviruset.



Med heimel i eigedomsskattelova §§ 2 og 3a er det vedteke å skrive ut eigedomsskatt på alle faste eigedomar for 2020. Skattesatsen er vedteken til sju promille for kraftverk, linjenett, næringsseigedomar og det særskilte skattegrunnlaget. Skattesatsen er vedteken til fem promille for bustader og fritidseigedomar. Skattesatsen er planlagt til fire promille for bustader og fritidseigedomar i 2021. Reduksjonen i skattesats frå 2020 til 2021 svarer til ein inntektsreduksjon på om lag kr 2,0 mill. for kommunen.

Det er budsjettert med kr 28,15 mill. i eigedomsskatt for 2020. Innkomen eigedomsskatt i 2019 var om lag kr 23,0 mill. Budsjettert eigedomsskatt er fordelt mellom kraftverk (kr 13,25 mill.), linjenett (kr 2,8 mill.), anna næring (kr 2,0 mill.) og bustader/fritidseigedomar (kr 10,1 mill.).

Auke i takstgrunnlaget på skatteobjekta er bakgrunnen for auka pårekna eigedomsskatt i budsjett 2020 samanlikna med innkomen skatt i 2019.

Kommunen eig 19,8 prosent av aksjane i Sognekraft. Det er budsjettert med årleg utbytte kr 3,6 mill. frå selskapet til kommunen i perioden 2020 - 2023. Dette er blant anna basert på at selskapet viser til god inntening på underliggjande drift.

I kommunelova er det gitt minimumskrav for storleiken på årlege ordinære avdrag. Etter kommunelova paragraf 14-18 skal lån til investeringar bli nedbetalt med årlege avdrag. Avdraga skal samla kvart år vere minst lik storleiken på kommunen sine avskrivningar i rekneskapsåret, justert for den prosentdelen som lånegjelda utgjer av kommunen sine anleggsmidlar.

Det er budsjettert med kr 15,55 mill. i ordinære avdrag (utanom avdrag på formidlingslån). Dei budsjetterte avdraga oppfyller kravet til minimumsavdrag i den nye kommunelova.

I førebels rekneskap for 2019 er det eit netto driftsoverskot med om lag kr 8,5 mill. Dette utgjer 2,6 prosent av driftsinntektene. Det er eit mindreforbruk i førebels rekneskap for 2019 på om lag kr 3,7 mill. Resultatet i rekneskapen for 2019 har samanheng med ekstraordinær innbetaling til kommunen etter Terra-saka. Utbetalinga i 2019 er den siste betalinga til kommunen etter Terra-saka. Kommunen ville hatt eit meirforbruk i rekneskapen for 2019 dersom det ikkje var for denne betalinga til kommunen.

Det tekniske berekningsutvalet for kommunal og fylkeskommunal økonomi har tilrådd eit nivå for netto driftsoverskot, i prosent av driftsinntektene, på minst 1,75 prosent for kommunane generelt.

Det er eit netto driftsoverskot i budsjettet for 2020 med kr 416.400,-. Dette utgjer 0,1 prosent av driftsinntektene. Det svake netto driftsresultatet i budsjettet har for ein stor del samanheng med vesentleg reduksjon i kraftinntektene og reduksjon i integreringstilskotet, som følgje av mindre busetjing av flyktningar. Reduksjon i folketalet over tid har gitt kommunen lågare frie inntekter og mindre statleg rammetilskot.

Det er ikkje planlagt å nytte midlar frå disposisjonsfondet i driftsbudsjettet for 2020. Det vil vere driftsbalanse i år dersom dei planlagde tiltaka blir gjennomførde.

***Fylkesmannen sin kommentar***



*Resultatet for 2019 må bli sett i samanheng med ekstraordinær inntekt etter Terra-saka. 2019 er siste året med ei slik inntekt til kommunen. Utan denne inntekta ville kommunen hatt eit svakt resultat i 2019. Netto driftsresultat i budsjettet for 2020 er lågt og oppfyller ikkje det tilrådde minstenivået.*

*Planlagde innsparingstiltak må bli gjennomførte for at driftsbudsjettet skal vere i reell balanse. Med reell driftsbalanse i år kan kommunen unngå å bruke av disposisjonsfondet dette året.*

### **Investeringsbudsjettet 2020**

I 2020 er det planlagt brutto investeringar for til saman kr 63,5 mill. Av dette utgjer avgifts-finansierte investeringar i vassverk og avlaup til saman kr 12,65 mill. Dei største investeringane elles er i gjennomgangsbustader, rassikringsprosjekt, i skulesektoren og innan tiltaksplan for helse og omsorg.

Investeringane er i hovudsak planlagt finansierte med bruk av lån, kr 51,2 mill. Resten av investeringane er planlagt finansierte med momskompensasjon og statleg investeringstilskot. Eigenkapitalinnskot i KLP, kr 1,0 mill., blir finansiert av midlar frå drift.

Kommunen si brutto langsiktige lånegjeld ved utgangen av 2019 kan reknast til kr 320 ½ mill., eller om lag kr 121.300,- per innbyggjar. Pensjonsforpliktingar er ikkje rekna med i dette beløpet for lånegjeld. Brutto lånegjeld ved utgangen av 2019 var 97,7 prosent av driftsinntektene. Landsgjennomsnittet for 2019 var 102,6 prosent.

Kommunen si netto lånegjeld er rekna til kr 242 mill. per 31.08.2019. Dette er brutto langsiktig gjeld etter fråtrekk for pensjonsforpliktingar, lån til vidare utlån (kr 15 mill.) og unytta låne-midlar (kr 70 mill.). Netto lånegjeld var per 31.08.2019 rekna til 77 prosent av driftsinntektene.

Det er lagt opp til ein relativt stor låneauke i planperioden. Kommunen har over ein lang periode i liten grad teke opp andre lån enn det som er knytt til sjølvkostområdet. Bakgrunnen for dette er Terra-saka som gjorde det nødvendig å utsetje vedlikehald og investeringar i mange år. Det er difor eit stort behov for å ta opp lån til finansiering av investeringar.

Kommunen planlegg utbygging av eit større omsorgssenter. Fleire omsorgsbustader vil vere knytte opp til senteret. Utbygginga er blitt forseinka men er no planlagt gjennomført i dei næraste åra. Det er planlagt ei omlegging av omsorgssektoren slik at fleire personar kan få tenestene i omsorgsbustad og i eigen bustad. Utbygginga av nytt omsorgssenter vil bidra til ei omlegging av drifta, noko som også vil bidra til at kommunen kan få driftsinnsparingar innan helse- og omsorgssektoren.

Det er rekna med at brutto lånegjeld (utanom pensjonsforpliktingar) kjem til å auke til om lag kr 451 mill. ved utgangen av 2023. Denne auken i lånegjelda vil vere mellombels. Ein stor del av investeringstilskot frå Husbanken til utbygginga av nytt omsorgssenter vil bli utbetalt til kommunen etter noverande økonomiplanperiode, det vil seie i 2024 og 2025, og nytta til ekstra nedbetaling av lånegjeld.

### ***Fylkesmannen sin kommentar***

*Lånegjelda kjem til å auke vesentleg i økonomiplanperioden t.o.m. 2023 og vil kome på eit høgt nivå ved utgangen av perioden. Utviklinga i lånegjelda framover må bli sett i ein lengre periode*



*enn økonomiplanperioden i lys av at framtidige investeringstilskot til omsorgssenter vil redusere gjelda.*

*Utvikling i lånegjelda må bli i sett i samanheng med om kommunen kan oppnå driftsinnsparingar av investeringane. Sjølv om investering i nytt omsorgssenter vil auke kommunen si lånegjeld og finanskostnader, vil det leggje til rette for at kommunen kan få driftsinnsparingar gjennom omlegging av tenestene.*

### **Økonomiplan 2020 - 2023**

Kommunen har lagt til grunn følgjande økonomiske måltal:

-Netto driftsresultat skal vere minst 1,75 prosent av driftsinntektene.

-Netto lånegjeld, etter fråtrekk for lån til vidare utlån og ubrukte lånemidlar, bør ikkje overstige 50 prosent av driftsinntektene.

-Arbeidskapital er omløpsmidlane etter fråtrekk for kortsiktig gjeld. Arbeidskapitalen i prosent av driftsinntektene skal vere større enn 20 prosent.

-Disposisjonsfond skal vere minst 5 prosent av driftsinntektene.

Netto driftsresultat i budsjett 2020 er kr 0,4 mill. som berre utgjer 0,1 prosent av driftsinntektene. I økonomiplanperioden er det lagt opp til å styrke netto driftsoverskot i 2021 til kr 4,1 mill., som utgjer 1,4 prosent av driftsinntektene. I dei neste åra i økonomiplanen er det netto driftsunderskot med kr 1,9 mill. i 2022 og kr 3,6 mill. i 2023.

Utbygging av nytt omsorgssenter er ei viktig årsak til at det er netto driftsunderskot i økonomiplanen for åra 2022 og 2023. Investeringstilskot frå Husbanken blir utbetalt etter ferdigstilling av dei ulike trinna i utbygginga. Det er difor ei pårekna utbetaling i kvart av åra 2023, 2024 og 2025. Kommunen vil ha ei mellombels høgare lånegjeld i økonomiplanperioden før investerings-tilskota blir utbetalte. Den høge lånegjelda i økonomiplanperioden medfører større finanskostnader, før investeringstilskota blir utbetalte og nytta til nedbetaling av gjeld.

Disposisjonsfondet var ved utgangen av 2019 kr 29,5 mill. Dette utgjer 9,0 prosent av driftsinntektene.

På bakgrunn av den pårekna negative utviklinga i netto driftsresultat i økonomiplanperioden, er det rekna med at disposisjonsfondet vil bli redusert i planperioden. I økonomiplanen er det ein netto reduksjon av disposisjonsfondet med om lag kr 7,0 mill., slik at fondet er pårekna å bli redusert til om lag kr 22,6 mill. ved utgangen av 2023.

### **Fylkesmannen sin kommentar**

*Kommunen bør ha som målsetjing at disposisjonsfondet ikkje blir redusert.*

*På bakgrunn av behovet for å oppretthalde disposisjonsfondet, vil vi be kommunen nytte mindre-forbruket i 2019, i førebels rekneskap kr 3,7 mill., til avsetjing disposisjonsfond.*



*Det er nødvendig å gjennomføre fleire innsparingstiltak for at kommunen skal oppnå årlege netto driftsresultat på minst 1,75 prosent av driftsinntektene, i samsvar med det tilrådde minstenivået og kommunen sitt økonomiske måltal.*

*For å oppnå tilstrekkelege store netto driftsoverskot og for å oppretthalde disposisjonsfondet over tid, må kommunen gjennomføre fleire innsparingstiltak. Planlagt omlegging av omsorgstenestene med nytt omsorgssenter vil vere viktig også med sikte på å oppnå driftsinnsparingar. Kommunen har ein stor prosentdel eldre innbyggjarar og organiseringa av omsorgstenestene framover er difor viktig.*

Med helsing

Lars Sponheim

Nils Erling Yndesdal  
kommunaldirektør

*Dokumentet er elektronisk godkjent*